

**VAKSDAL HISTORIELAG**  
[www.vaksdalhistorielag.org](http://www.vaksdalhistorielag.org)

**ÅRSMELDING FOR 2014**

Etter valet på årsmøte 03.03.2014, og seinare konstituering, vart styret fylgjande:

Leiar:	Åse Eikemo Strømme	(vald for 2 år i 2013)
Nestleiar	Sigmund Simmenes	(vald for 2 år i 2014)
Skrivar	Ove Magne Straume	(vald for 2 år i 2013)
Kasserar	Rolf Erik Veka	(vald for 2 år i 2013)
Styremedlem:	Oddvar Eikefet	(vald for 2 år i 2014)
Varamedlemer til styret:	Berit Vetlejord	(vald for 1 år i 2014)
	John Dale	(vald for 1 år i 2014)
Revisorar:	Nils Grøsvik og Odd Helland	(valde for 1 år 2014)
Valnemnd for årsmøte 2015:	Ingebjørg Dale (leiar) Steinar Dale Åshild Hestad	(vald for 1 år i 2014) (vald for 1 år i 2014) (vald for 1 år i 2014)

Pr. 31.12.2014 var medlemstalet 65 personar

**Arbeid i styret:**

I meldingsåret har styret hatt 6 møte, 21/1, 24/3, 12/5, 15/6, 9/9 og 25/11 og handsama 34 saker.

Ved starten av året vart det utarbeidd ein arbeidsplan for laget, som vert gått igjennom og rullert på kvart styremøte. Planen viser oppgåver, både reint organisasjonsmessige og arbeid med materielt og immaterielt kulturvern. Den viser tiltak, ansvarlege personar for gjennomføring av tiltak, og tidsramme.

**Årsmøte 2014**

Årsmøtet 2014 vart avvikla på Dale barne- og ungdomsskule 03.mars 2014 med vanlege årsmøtesaker.

Før sjølve årsmøtet var det ope møte med foredrag av historikar John Dale. Foredraget hadde tittelen "*Grunnlovsjubileet 1814 - 2014*". Han tok spesielt føre seg den politiske sisuasjonen i landet og verda omkring, som førte til at møtet på Eidsvoll i 1814 vart skipa i stand. Det var eit svært interessant foredrag for møtelyden.

**Medlemskontingen.**

Årsmøtet 2014 gjorde vedtak om at kontingensten skal vera kr. 150 (uendra). Det vart vidare bestemt at styret fekk fullmakt til å fastsetja pris på den nye årboka når ein har fått betre grunnlag for dette.

**Medlemsmøte:**

Vaksdal Historielag skipa den 17. desember 2014 til medlemsmøte / førjulsmøte i Stamnes Bedehus. Møtet var ope for alle, og det møtte fram om lag over 30 personar. Det vart kring veldekka bord servert ris / julegraut m/tilbehør og kaffi, og som alltid velvillige historielagsmedlemer frå Straume og Stamnes hadde ansvaret for.

Jørn Øyre hagen Sunde var foredragshaldar, og tok for seg kva rolle folket sitt forhold til kristendomen, då spesielt Gud og Djevelen, hadde for innverknad på korleis Grunnlova i 1814 vart utforma på ein del punkt. Interessant og sannsynleg, veldokumentert analyse!

Trygve Kallestad viste nokre biletar frå sine slektningar, og førde oss inn i kor mykje interesant ein kan lesa ut av detaljar i enkeltbilete.

Stort engasjement og respons frå publikum på begge fordedraga.

Elles las Sigmund Simmenes eit stykke frå ei eldre årbok om to kvinner frå Nordigardane som reiste til Dale med ull. Ei morosam soge.

### **Ymse saker**

#### **Grunnlovsjubileet 2014.**

Vaksdal historielag løyvde kr. 5000 til pynting av Gata på Dale i samband med grunnlovsjubileet 2014.

#### **Gamal postveg Dalseid – Verpelstad.**

Den gamle postvegen mellom Dalseid – Verpelstad er no gått opp. Dei som gjekk turen var Olav Kåre Aldal, Morten Bjerke, Helge Furnes og Rolf Erik Veka. Delar av vegen var vanskeleg tilgjengeleg og lite eigna som turveg, og skilting av deler av vegen må historielaget koma attende til.

#### **Kurs slektsgransking**

Hausten 2014 tok Rolf Erik Veka initiativet til eit kurs i slektsgransking på Dale, og det vart vist interesse for å halde fleire kurs om dette. Styret har i 2014 teke initiativ til å skipa eit kurs 31.januar 2015 saman med DIS (digital slektsforskning) med vekt på den nye versjonen av Digitalarkivet.

#### **Årboka:**

Årboka for 2014 vart starten for ein ny serie av årbøker. Den kom ut i eit mindre format ( A5) og skifta farge frå gulbrun til beige. Den var klar for trykking i slutten av oktober, og kom ferdig frå trykkeriet i god tid før julehandelen tok til. Innsamling av stoff , skriving og redigering av dette til årboka, er eit arbeid som krev mykje både av årboknemnda og styret. Størst ansvar for den årleg utgjeving av boka kviler på redaktören..

Årboknemnda vil oppmoda medlemene i historielaget om å ta aktivt del i innsamling av stoff til årbökene.

#### **Heimeside. Facebook**

Vaksdal historielag si heimeside [www.vaksdalhistorielag.org](http://www.vaksdalhistorielag.org) vert vedlikehalden. Den viser mellom anna oversikt over historielaget sine årbøker frå 1995 til 2014. Vidare finst der nettutgåve av bygdebøkene som gjeld for noverande Vaksdal kommune. Her er også nyttige lenker for dei som er interessert i lokalhistorie og slektsgransking.

Vaksdal historielag har også si eiga facebook-side.

#### **Årboknemnda og salsnemnda for årboka:**

I samsvar med vedtektena for Vaksdal historielag kan styret peika ut nemnder til å ta seg av særskilde arbeidsoppgåver.

Årboknemnda for 2014 var:

Rolf Erik Veka (redaktør), Bjørg Dæmring Berge, Sigmund Simmenes, Ove Magne Straume og Åse Eikemo Strømme.

Salsnemnda for årboka 2014 var:

Bjørg Dæmring Berge (leiar), Oddvar Eikefet og Marta Knutsen.

### **Andre nemnder:**

Turnemnda for 2014 var:

Anita Alise Vik (leiar), Margot Langhelle og Else Berit Fenne.

Det har ikkje vore arrangert aktivitetar i regi av turnemnda i år.

### **Medlemsskap i andre lag.**

Vaksdal historielag er medlem av :

Landslaget for lokalhistorie (LLH) [www.historielag.blogspot.no](http://www.historielag.blogspot.no)

Hordaland sogelag (HS) [www.hordalandsogelag.no](http://www.hordalandsogelag.no)

Frå LLH får medlemane i styret tilsendt meldingsbladet Lokalhistorisk Magasin, som kjem med 4 nummer i året. Styret får god informasjon frå sekretariatet i LLH gjennom medlemsbreva som kjem med høvelege mellomrom

Frå HS får laget kvart år tilsendt innbyding til Lokalhistoriske dagar, som går over to dagar i samband med årsmøtet for HS. I 2014 var desse dagane lagde til Radøy i helga 15. – 16. mars, med Radøy sogelag som vertskap. Frå Vaksdal historielag var Rolf Erik Veka og Sigmund Simmenes utsendingar. Tema for dagane var *Utvandring og oppdrettsnæringer*.

Det kom like før jul 2014 melding frå HS om at Lokalhistoriske dagar 2015 vert lagt til Bømlo i helga 14. – 15. mars. Bømlo Tur- og Sogelag er vertskap. Tema for dagane er: *Stål, Stein og religion*” Dagane er opne for alle som har interesse for lokalhistorie. Sjå heimesida til HS.

Vidare skipar HS studieturar i Vesterled, i vikingane sine spor. Turen 2015 går til Hebridane i byrjinga av august, og det er høve for alle medlemer i historielaga å melda seg på, så langt plassen rekk. Sjå heimesida til HS.

Åse Eikemo Strømme er medlem av styret i Hordaland sogelag, innvald i 1998 frå Vaksdal historielag.

### **Konklusjon**

Styret meiner at årsmeldinga for 2014 viser eit godt arbeidsår for laget.

VAKSDAL HISTORIELAG  
for STYRET

Åse Eikemo Strømme  
(sign.)

Sigmund Simmenes  
(sign.)

Ove Magne Straume  
(sign.)

Rolf Erik Veka  
(sign.)

Oddvar Eikefet  
(sign.)